



AUD-rapport nr. 10-18

Notat om industrinæringa i Sunnhordland og Haugalandet

Innleiing

Dette notatet gjer reie for næringsstrukturen i kommunane som utgjer Sunnhordland og Haugalandet, med spesielt fokus på industrien. Notatet er samanfatta av Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse i Hordaland fylkeskommune.

Datagrunnlaget er levert av Samfunnsøkonomisk analyse og er henta frå deira database med alle innleverte årsregnskap for rekneskapspliktige føretak, kalt *Samfunnsøkonomisk analyses foretaks- og enhetsregister* (SAFE). Rekneskapstala er gjenstand for omfattande kvalitetskontroll, og i tillegg blir det gjort eit omfattande arbeid for å kontrollere for den såkalla «hovudkontorproblematikken», kor all aktivitet blir tillagt hovudkontoret til eit føretak eller konsern, sjølv om aktiviteten er spreidd geografisk. Samfunnsøkonomisk analyse sørgjer for at aktiviteten i størst mogleg grad blir ført der aktiviteten faktisk finn stad.

Det er viktig å merke seg at sidan datamaterialet tek utgangspunkt i rekneskapsdata, og desse først er klar omlag eitt år etter rekneskapsårets slutt, vil tala av natur vere tilbakeskodande. Gitt tida det tar å samle inn, kvalitetssikre og analysere materialet, er talmaterialet som blir presentert her for rekneskapsåret 2016. Dette må ein ta høgde for, da dette er næringar som har vore under sterkt press dei siste åra som følgje av oljekrisa.

Merk at berre verksemdar med minst fem tilsette er inkludert.

Datagrunnlaget og naudsynte definisjonar ligg i metodevedlegget sist i rapporten.

OM NOTATET

Ansvarleg avdeling/eining: Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse i Regionalavdelinga

Forfattar: Lasse Kolbjørn Anke Hansen, spesialrådgjevar (lasse.hansen@hfk.no)

For fleire rapportar frå HFK: <https://www.hordaland.no/aud-rapportar>

Dato: 26. april 2018, redigert 22.5.2018

Framsidedfoto: Morten Wanvik

INNHALD

INNLEIING	1
NÆRINGSSTRUKTUREN I SUNNHORDLAND OG HAUGALANDET	3
Hovudnæringar	3
Undernæringar.....	4
Industrinæringa fordelt på detaljert næring	6
Regional styrkeposisjon innan industri	7
METODEVEDLEGG	9
Geografisk avgrensing.....	9
Datagrunnlag.....	9
Definisjon av nøkkeltal.....	10

Næringsstrukturen i Sunnhordland og Haugalandet

HOVUDNÆRINGAR

Næring	Omsetnad	Driftsresultat	Årsresultat	Lønnskostandar	Verdiskaping	Tilsette	Årsverk
A Jordbruk, skogbruk og fiske	8 104	2 303	2 039	1 078	3 381	4 918	1 705
B Bergverksdrift og utvinning	14 101	-1 236	-2 100	1 875	639	1 651	1 486
C Industri	46 391	1 414	2 804	8 944	10 358	12 277	12 500
D Kraftforsyning	2 675	608	1 428	377	985	634	436
E Vatn, avløp og renovasjon	597	-11	-7	161	150	302	235
F Bygginge- og anleggsverksemd	9 577	363	294	2 810	3 174	6 748	4 448
G Varehandel, bilverkstader	23 365	706	478	3 326	4 033	11 599	5 976
H Transport og lagring	4 594	413	868	2 161	2 574	6 113	3 246
I Overnattings- og serveringsverks.	1 450	21	12	545	566	3 998	1 210
J Informasjon og kommunikasjon	2 369	297	138	770	1 067	1 189	847
K Finansiering og forsikring	805	1 017	747	400	1 416	395	396
L Omsetning og drift av fast eigedom	464	134	155	151	285	558	186
M Fagleg, vit. og tekn.tenesteyting	2 518	36	85	1 205	1 242	2 400	1 374
N Forretningsmessig tenesteyting	2 091	101	77	1 205	1 306	3 966	2 253
O Off.adm., forsvar, sosialforsikring	15	1	1	13	13	31	18
P Undervisning	286	9	3	204	213	605	303
Q Helse- og sosialtenester	4 829	192	172	3 631	3 823	9 133	5 520
R Kultur, underholdning og fritid	165	-7	-7	68	61	603	119
S Anna tenesteyting	274	18	12	140	158	683	313
U Internasjonale organ	148	10	6	46	56	150	60
Totalt	124 819	6 389	7 205	29 110	35 500	67 953	42 631
Industri i % av total	37 %	22 %	39 %	31 %	29 %	18 %	29 %
Bergv. og utv. i % av total	11 %	-19 %	-29 %	6 %	2 %	2 %	3 %

Tabell 1: Nøkkeltal for hovudnæringane i Sunnhordland og Haugalandet, 2016

Tabellen viser utvalde nøkkeltal for næringane i Sunnhordland og Haugalandet i 2016 etter hovudnæring (SN 2007). Alle økonomiske nøkkeltal i million kroner. Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse.

Tabell 1 viser at den desidert største næringa i Sunnhordland og på Haugalandet er industrinæringa.¹ Dette gjeld for nær sagt alle indikatorane i tabellen, med unntak av tal tilsette. Samstundes, om vi heller ser på

¹ Sjå <https://www.ssb.no/klasse/klassifikasjoner/6> for meir informasjon om dei ulike næringsinndelingane som er nytta i dette notatet.

årsverk, ser vi at medan det nærast er eit 1-til-1-forhold mellom tilsette og årsverk i industrien, er det lang færre årsverk per tilsett i både varehandel og bilverkstader, og i helse og sosialtenesta.

Dersom vi også tek med bergverksdrift og –utvinning (i denne regionen er det i stor grad utvinning av olje og gass og tenester knytt til dette), var omsetnaden for desse to på over 60 milliardar kroner i 2016 fordelt på nesten 14 000 årsverk. Dette er 48 % av omsetnaden og 32 % av årsverka totalt i Sunnhordland og Haugalandet.

UNDERNÆRINGAR

For å sjå nærare på kva verksemder som dominerer innan hovudnæringane B Bergverksdrift og utvinning og C Industri i Sunnhordland og Haugalandet, kan vi nytte ei meir detaljert inndeling enn hovudnæring. Vi nyttar her såkalla tosifra næringsinndeling, som deler alle verksemder inn i 87 ulike næringar (SN2007).

Tabell 2 på neste side viser at det er utvinning av olje og gass som dominerer omsetnaden innan bergverksdrift og utvinning, medan delen av årsverka i næringa ikkje er like høg sidan det er relativt mange årsverk også innan tenester knytt til bergverk og utvinning.

Innan industrien er det tre undernæringar som peikar seg ut meg klårt høgast omsetnad i 2016: næringsmiddelindustrien, metallindustrien og den sokalla transportmiddelindustrien elles (produksjon av andre transportmiddel enn motorvogner). Alle tre ligg opp mot eller over 10 milliardar kroner i omsetnad og utgjør høvesvis 20, 26 og 24 % av omsetnaden i næringa i Sunnhordland og Haugalandet. Dermed står desse tre samla for 69 % av omsetnaden i industrien. Desse tre er kvar for seg omlag like stor som utvinning av olje og gass.

Når det gjeld tal årsverk er det derimot, transportmiddelindustrien elles, som dominerer klårt med 42 % av industriårsverka. Samstundes har dei ein lågare del av dei tilsette, 32 %, som tyder på at verksemder i regionen er meir produktive enn det som framgår av nasjonalrekneskapet og at dei lønnar sine tilsette høgare.² Uansett er dette eit teikn på at transportmiddelindustri elles er meir arbeidskraftsintensiv enn dei andre store industrinæringane i regionen. Målt i årsverk er metallvareindustrien (produksjon av metallkonstruksjonar o.l.) nesten like stor som metallindustrien, og etter same mål er desse to, samt næringsmiddelindustrien større enn utvinning av olje og gass.

² Dette har med metoden som er nytt for å estimere årsverk og er nærare forklart i metodevedlegget.


Næring	Omsetnad	Driftsresultat	Årsresultat	Lønnskostandar	Verdiskaping	Ansatte	Årsverk
B Bergverksdrift og utvinning ↓	14 101	-1 236	-2 100	1 875	639	1 651	1 486
06 Utvinning av råolje og naturgass	11 488	-1 067	-950	1 227	160	782	875
08 Bryting og bergverksdrift elles	169	-0	-18	50	49	82	60
09 Tenester til bergverk og utvinning	2 444	-169	-1 132	599	430	787	551
C Industri ↓	46 391	1 414	2 804	8 944	10 358	12 277	12 500
10 Næringsmiddelindustri	9 066	572	444	847	1 419	1 835	1 445
13 Tekstilindustri	155	14	11	33	47	75	62
14 Kleideindustri	0	-0	-1	0	-0	7	1
15 Lær- og lærvareindustri	31	1	1	14	15	43	26
16 Trelast- og trevareindustri	135	2	2	36	38	127	67
18 Trykking, grafisk industri	79	0	-0	32	32	87	47
19 Petroleums- og kolvareindustri	2 870	0	0	208	208	82	267
20 Kjemisk industri	1 313	250	176	136	385	147	159
22 Gummivare- og plastindustri	109	8	5	28	36	87	43
23 Mineralproduktindustri	1 014	58	47	198	256	358	309
24 Metallindustri	11 835	212	1 902	880	1 092	1 339	1 289
25 Metallvareindustri	1 799	-10	-41	639	629	1 309	1 040
26 Data- og elektronisk industri	1 162	84	58	227	311	385	269
27 Elektroteknisk industri	721	-18	-1	274	257	341	358
28 Maskinindustri	892	77	57	218	295	378	271
29 Motorkjøretøyindustri	74	5	4	24	29	58	38
30 Transportmiddelindustri elles	11 178	134	77	3 981	4 115	3 974	5 248
31 Møbelindustri	15	-1	-0	5	4	14	8
32 Annan industri	29	1	1	8	9	65	13
33 Maskinreparasjon og -installasjon	3 915	26	62	1 158	1 184	1 566	1 540
Totalt alle næringer	124 819	6 389	7 205	29 110	35 500	67 953	42 631

Tabell 2: Nøkkeltal for industri og olje og gass i Sunnhordland og Haugalandet, 2016 (tosifra næring)

Tabellen viser utvalde nøkkeltal for Bergverksdrift og utvinning og industri i Sunnhordland og Haugalandet i 2016 etter tosifra næring (SN 2007). Alle økonomiske nøkkeltal i million kroner. Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse.

INDUSTRINÆRINGA FORDELT PÅ DETALJERT NÆRING

Dersom vi nyttar ei enda meir detaljert næringsinndeling, ser vi tydeleg at industriaktiviteten i Sunnhordland og Haugalandet er spreidd på ei lang rekkje aktivitetar. Vi nyttar her den mest detaljerte næringsinndelinga som er tilgjengeleg, sokalla femsifra næringskoder (SN2007).




Figur 1: Omsetnad i de tjue største undernæringsgruppene innan industrinæringa i Sunnhordland og Haugalandet, 2016 (detaljert næring)

Figuren viser dei tjue største næringane innan hovudnæringsgrupp C Industri i Sunnhordland og Haugalandet i 2016, målt etter omsetnad. Million kroner. Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse.

Det er to undernæringsgrupper som skil seg ut med klårt størst omsetnad innan industrinæringa i Sunnhordland og Haugalandet; produksjon av primæraluminium og bygging av oljeplattformer og modular. Begge hadde ein omsetnad på over 10 milliardar kroner i 2016. Deretter følgjer kjøttopplaging og konservering, produksjon av raffinerte petroleumsprodukt, reparasjon og vedlikehald av skip og båtar og fôrproduksjon til husdyr, alle med omsetnad over 2 milliardar kroner. Elles på lista er det nokre næringar knytt til næringsmiddelsproduksjon, nokre knytt til spesialisert produksjon av teknisk utstyr, samt ei rekkje næringar innan metallproduksjon.

Figur 4 på neste side viser at målt i estimerte årsverk er det framleis dei same to undernæringsgruppene som vi fann i førre figur som er størst i Sunnhordland og Haugalandet, men dei har endra rekkjefølgje og bygging av oljeplattformer og modular er langt større enn produksjon av primæraluminium. Medan førstnemnde har over 4 500 årsverk, har primæraluminiumproduksjon rett over 1 000. Bygging av oljeplattformer og modular ligg under næringa 30 Transportmiddel elles i tabell 2 over og det er denne detaljerte næringa som utgjer dei fleste av årsverka innan transportmiddel elles i Sunnhordland og Haugaland. At den har omlag same omsetnad som produksjon av primæraluminium samstundes som den har nesten fem gonger så mange årsverk, viser skilnaden i arbeidskraftsintensitet mellom dei to.




Figur 2: Årsverk i de tju største undernæringane innan industrinæringa i Sunnhordland og Haugalandet, 2016 (detaljert næring)

Figuren viser dei tju største næringane innan hovudnæringa C Industri i Sunnhordland og Haugalandet i 2016, målt etter estimerte årsverk. Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse.

Samstundes syner figur 4, og resten av lista over detaljerte næringar innan industrinæringa, at industriaktiviteten i Sunnhordland og Haugalandet er spreidd utover eit stort tal ulike aktivitetar. Dersom vi held bygging av oljeplattformer og modular utanfor, er det framleis 78 andre næringskodar innan industrinæringa i regionen og dei har i snitt 100 årsverk.

REGIONAL STYRKEPOSISJON INNAN INDUSTRI


Sunnhordland og Haugalandet har ein betydeleg regional (og nasjonal) styrkeposisjon innan industrinæringa. Dette er illustrert i figur 1 på neste side, som viser delen av omsetnaden i næringane som er lokalisert til desse to samanlikna med den totale omsetnaden til næringa i Hordaland og Rogaland. Medan dei to står for 13 % av den samla omsetnaden i dei to fylka, står dei for heile 28 % av omsetnaden innan industrinæringa. Det er berre innan primærnæringane, og då spesielt fiske, fangst og akvakultur, at regionen har høgare del av omsetnaden i dei to fylka.



Figur 3: Sunnhordland og Haugalandet sin del av omsetnaden i hovudnæringar i Hordaland og Rogaland, 2016

Figuren viser kor stor del av omsetnaden innan ulike hovudnæringar (SN2007) samla for Hordland og Rogaland som er lokalisert i Sunnhordland og Haugalandet (raude søyler). Den gule linja viser kor stor del av den totale omsetnaden i dei to fylka som er lokalisert i dette området.

Figur 2 under viser at også målt i årsverk kjem det tydeleg fram at Sunnhordland og Haugalandet har ei betydeleg styrkeposisjon innan industrinæringa med 27 % av årsverka, mot 15 % av dei samla årsverka innan alle næringar i dei to fylka.



Figur 4: Sunnhordland og Haugalandet sin del av årsverk i hovudnæringar i Hordaland og Rogaland, 2016

Figuren viser kor stor del av årsverka innan ulike hovudnæringar (SN2007) samla for Hordland og Rogaland som er lokalisert i Sunnhordland og Haugalandet (raude søyler). Den gule linja viser kor stor del av dei totale årsverka i dei to fylka som er lokalisert i dette området.

Metodevedlegg

GEOGRAFISK AVGRENSING

I dette notatet presenterer vi i samråd med Atheno data for to regionar samla: Sunnhordland og Haugalandet. Følgjande kommunar inngår i vår definisjon av desse:

Sunnhordland

Etne
Sveio
Bømlo
Stord
Fitjar
Tysnes
Kvinnherad
Austevoll

Haugalandet

Bokn
Haugesund
Karmøy
Tysvær
Utsira
Vindafjord

DATAGRUNNLAG

Datagrunnlaget til dette notatet er levert av Samfunnsøkonomisk analyse ved seniorøkonom Vegard Salte Flatval. Merk at berre verksemder med minst fem tilsette er inkludert.

Kjelda er Samfunnsøkonomisk analyse sin database med alle innleverte årsregnskap for regnskapspliktige føretak, kalt Samfunnsøkonomisk analyses foretaks- og enhetsregister (SAFE). Dette er same kjelde som er nytta i deira produksjon av nøkkeltal for utvalde næringer på Vestlandet som dei gjør på oppdrag frå Vestlandsrådet. Det følgjande om datagrunnlag og definisjon av nøkkeltal er henta frå side 87 til 90 i deira rapport «Nøkkeltall Vestlandet 2018»³.

«SAFE sammenstiller Foretaksregisteret med Enhetsregisteret, noe som gjør databasen særlig nyttig dersom en ønsker å se på en rekke forhold, for eksempel den regionale fordelingen av næringsaktivitet. [...]

SAFE inneholder komplett årsregnskap for alle regnskapspliktige foretak i perioden etter 2003. Dette muliggjør en rekke analyser av foretakenes næringsvirksomhet. Videre inkluderer databasen øvrige kjennetegn som firmaadresse, firmanavn og geografiske kjennetegn.

SAFE inkluderer om lag tre millioner årsregnskap per oktober 2016. For 2015 inneholder databasen omtrent 275 000 unike foretak.

SAFE inneholder en fullstendig oversikt over nøkkelvariablene som er benyttet i prosjektet. Disse er:

- Ansatte
- Årsverk
- Omsetning
- Verdiskaping

³ Rapport 05-2018: «Nøkkeltall Vestlandet 2018», tilgjengeleg her: <https://bit.ly/2HzHVUg> [henta 26.4.2018].

- Driftsresultat
- Årsresultat
- Nyetableringer
- Overlevelsesrate
- Vareeksport

Ved å benytte informasjon fra Enhetsregisteret tilnærmer vi oss det reelle bildet av den økonomiske aktiviteten i regionen. Samfunnsøkonomisk analyses Foretaks- og Enhetsregister (SAFE) kobler regnskapstall for alle regnskapspliktige foretak med informasjon fra Enhetsregisteret for nettopp dette formålet. Ved å benytte sysselsettingsandeler i underenheter kan den økonomiske aktiviteten fordeles mer realistisk i henhold til der den faktisk skjer.»

DEFINISJON AV NØKKELTAL

«**Årsverk** beregnes med utgangspunkt i virksomhetenes lønnskostnader og nasjonale lønnskostnader per årsverk per næring fra nasjonalregnskapet.

Lønnskostnader er en robust regnskapsstørrelse som på en mer entydig måte illustrerer arbeidsinnsatsen som legges ned i en virksomhet sammenlignet med antall ansatte. Antall ansatte registreres i Foretaksregisteret via a-meldingen. Dette betyr at alle som har stått på lønnslisten et enkelt år telles som én ansatt. For ikke å overvurdere arbeidsinnsatsen beregner vi derfor årsverk.


For å beregne årsverk henter vi årsverk i heltidsekvivalenter for lønnstakere og lønnskostnader fra SSBs nasjonalregnskapstabell 09174: *Lønn, sysselsetting og produktivitet, etter næring*. Denne statistikken bruker nasjonalregnskapets næringsgruppering, som kalles A64. Vi bruker lønnskostnader per årsverk basert på disse dataene, før vi kobler disse opp mot vår regnskapsdatabase (SAFE). Hvert foretaks lønnskostnader deles så på hver nærings lønnskostnad per årsverk, der sistnevnte kommer fra nasjonalregnskapet. Dette gir oss antall årsverk i hvert foretak.

Verdiskaping er et lønnsomhetsmål definert som summen av foretakets driftsresultat og lønnskostnader. Indikatoren er en viktig størrelse, da den angir et inntektsmål for både for de ansatte (lønnsinntekter), bedriftseiere (overskudd etter skatt) samt stat og kommune (inntektsskatt, arbeidsgiveravgift og selskapsskatt). Beregnes som summen av lønnskostnad og driftsresultat.

Driftsresultat er resultatet av driften i foretaket, definert som differansen mellom driftsinntekter og driftskostnader. Indikatoren er uavhengig av de finansielle og ekstraordinære postene, og angir avkastningen på driften til de som har skutt inn kapital i foretaket – altså både eiere og långivere.

Årsresultat defineres som resultatet etter ordinære poster (driftsresultatet), ekstraordinære poster og skatt. De ekstraordinære postene er engangsposter som inneholder for eksempel nedleggelseskostnader, altså uvanlige, men vesentlige utgifter eller inntekter. Årsresultatet angir avkastningen på egenkapitalen som eierne har i foretaket.

Omsetning er et foretaks driftsinntekter, fratrukket både offentlige tilskudd og gevinst ved salg av anleggsmidler. Skatter og særskilte offentlige avgifter tilknyttet salg er inkludert i omsetningen, men merverdiavgift ikke er inkludert.»



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

